

Kvam

0. Disposisjon

1. Kommune og bygder ➤
2. Lytt på dialekten ➤
3. Nokre særdrag ➤
4. Ein liten grammatikk ➤
 - 4.1. Lydverket ➤
 - a. Lydane ➤
 - b. Lydmønster ➤
 - 4.2. Bøyingsverket ➤
 - a. Substantiv ➤
 - b. Verb ➤
 - c. Adjektiv ➤
 - d. Pronomen ➤
5. Ord og uttrykk ➤
 - 5.1. Ordsamling ➤
 - 5.2. Uttrykk ➤
6. Forskjellar ➤
 - 6.1. Geografiske forskjellar ➤
 - 6.2. Yngre og eldre dialekt ➤
7. Dialektpørver ➤
8. Kjelder ➤

1. Kommune og bygder

- Kvam kommune ligg på vestsida av Hardangerfjorden mellom Øynefjorden og Utnefjorden.
- Dei noverande kommunegrensene er frå 1964 då dei delane av Jondal, Varaldsøy og Strandebarm som låg vest for Hardangerfjorden, blei lagde til Kvam, og Åsgrenda blei lagt til Ullensvang.
- Kommunenamnet kjem av gammelnorsk *hvammr*, som tyder 'liten dal mellom bratte fjell'.
- Areal: 615 km²
- Innbyggjartal per 1.1.2006: 8 306
- Administrasjonssenter: Norheimsund
- Andre tettstader: Ålvik og Øystese
- Næringsvegar: Jordbruk (husdyrhald og hagebruk), industri (verkstadindustri, jern- og metallindustri, næringsmiddelindustri, tre- og møbelindustri), turisme.

2. Lytt på dialekten

➤ L Klikk her og hører på opptak fra Kvam.

Tekst 1:

- Det, det var ein, ein middels stor gard. Og eg er då ellevte generasjon som sit på han no. Då han vart delt i frå andre gardar på, på slutten av 1600-talet. Var då eitt av ti bruk på Øystesegarden. Øystesegarden er jo då liksom det som har vore rekna som sentrum i Øystese, ja, i frå først av. Og me hadde jo kyrkja liggjande rett inne her med gamleheimen, den første kyrkja, før ho vart flytta ned til sjøen. Øystesegarden er ganske stor gard med svære fjellvidder etter måten i forhold til dei andre gardane i bygda, so har me ganske stor, me eig jo til bytes med Voss og til bytes med Samnanger og, i fjellet.
- Ja, nettopp. Ja.
- Ja, og mange stolar bortigjennom. Me har ein fem-seks stolar som ligg etter einannan bortover fjellet. So der er no ein god del å halda ved like òg, på desse husa.
- Ja, det er klart, det er klart.
- No har me forresten nett selt ei tomt bortpå Vendi til Bergen turlag, so dei skal setja opp ei hytte på eigedommen vår der borte. Sjølvbetjeningshytte. Nokså stor. Ja, dei er for så vidt i full gang med å byggja.

Om informanten: Mann fra Øystese, fødd 1941.

Tekst 2:

- Har ein gard heime eg håpar å overta. Det får me no sjå. Det er no ikkje, ikkje for å driva. Det er no mest for å overta for å vidareføra den på ein måte. Det er no litt omstilling, så det vert no ikkje den garden det er, har vore, og det er det no ikkje i dag heller altså. Det er ikkje noko, det er vel meir berre ein plass å bu. Det er jo ikkje nokon dyr eller noko sånt. Det er det ikkje.
- Driv foreldra dine litt, eller?
- Nei.
- Ikke i det heile tatt? Nei.
- Nei. Dei gav seg med sauер for nokon, 10–15 år sidan. Så eg og bestefar min dreiv med sauер nokon år der oppe på hobbybasis. Så når eg blei, ungdomsskulen, då blei det mykje, mykje plikter, så me hadde ikkje tid til, så då gav eg meg med det, så etter det så har det ikkje vore så mykje. Det er nå berre dei pliktene du har med gjerdeplikt og sånt som du må passa på, og litt sånn anna ansvar for alt den jorda du eig og har

ansvar for. Samarbeida med dei bøndene som driv. Dei paktar jo jorda, som me seier då.

Om informanten: Mann frå Øystese, fødd 1983.

3. Nokre særdrag

Informasjon om lydskriftsystemet $\triangleright T[\text{eigen art.}]$.

Dialekten her har dei vanlege sørvestlandske $\triangleright T[\text{eigen art.}]$ og hardangerske $\triangleright T[\text{eigen art.}]$ draga, dvs. at

- infinitivar $\triangleright O$ endar på -a $\triangleright T[\text{eigen art.}]K$: å kasta, å fara
- svake hokjønnsord $\triangleright O$ endar på -a i ubestemt form eintal $\triangleright T[\text{eigen art.}]K$: ai visa, ai jønta 'ei vise, ei jente'
- det er forskjell i bøyninga av svake $\triangleright O$ og sterke hokjønnsord $\triangleright O$ i bestemt form eintal (men ikkje i fleirtalsformene) $\triangleright T[\text{eigen art.}]K$:

vika	viko	vike	vikena	'veke'
sak	saķe	saķe	saķena	
- det er vanleg med palatale lydar (dvs. lydar med j-klang) $\triangleright T$: leggen, saķe 'leggen, sakā'
- det personlege pronomenet i 3. person hokjønn er ho
- dei personlege pronomena i første person er eg i eintal og me i fleirtal. $\triangleright T[\text{eigen art.}]K$
- ein har uttalen ao i ord som skaol, aor og sjao 'skål, år og sjå', det vil seia ord som har å i skriftmålet, og som hadde lang a (á) i gammelnorsk $\triangleright K$
- diftongane $\triangleright O$ ei og øy blir uttalte ai og åi: ain stain, ai åi, å saia, å båia 'ein Stein, ei øy, å seia, å bøya'

4. Ein liten grammatikk

4.1. Lydverket

a. Lydane

Vokalane i dialekten er dei vanlege *a, e, i, o, u, y, æ, ø, å, au, ai, åi* og *ao*. Dessutan har ein “tilleggsvovalane”:

ɛ, som blir uttalt som ein open ➤O *e*

ù, som er ein *u*-lyd som nærmar seg ein *o*

Konsonantane er dei vanlege me kjenner frå skriftmålet: *b, d, f, g, h, j, k, l, m, n, p, r, s, t, v*. Dessutan har dialekten desse ”tilleggskonsonantane”:

β, ð, som er to lydar med *j*-klang. Dei blir uttalte med å pressa fremre delen av tunga mot ganen litt lenger fram enn der ein uttaler *k* og *g*, og så opna for lufta med ein liten ”eksplosjon”. I fagspråket kallar me desse lydane for affrikatar. Dei svarar ofte til skrivemåten *kj* og *gj* i nynorsk: *tən̩ka, byðða* 'tenkja, byggja'. Men desse to lydane veksler også ofte med *k* og *g* i bøyninga av ord, og det blir kommentert under Substantiv ➤L.

ɳ, som er ein *n* med *j*-klang.

Som dei fleste andre dialektane i Noreg har også dialekten i Kvam tonemforskjell ➤O, dvs. at det finst ordpar der tonegangen ➤O er den einaste tydingsskiljande faktoren:

'far'n (bestemt form eintal av *far*)

'far'n (bestemt form eintal av *fare*)

b. Lydmønster

- Etter *d, l, n, r, s* og *t* blir den trykklette stavinga *-en* uttalt som *'n*, dvs. at vokalen fell ut og *n-en* åleine blir uttalt som ei staving. Det vil altså for eksempel heita *gut'n* og ikkje *guten*.
- Lyden *ɳ*, som ofte svarar til skrivemåten *ng*, blir uttalt med å pressa bakre delen av tunga mot ganen mens ein slepper lufta ut gjennom nasen. I fagspråket kallar me han for ein velar nasal. Mykje av vestlandsk har ikkje lyden *ɳ* anna enn framom *k* og *g*, men i staden blir ein *g* uttalt der andre ikkje har han. I Kvam heiter det såleis *stræŋg*, mens det utafor Vestlandet heiter *stræŋŋ* 'streng'.

4.2. Bøyingsverket

a. Substantiv

Hankjønn

Det dominerande bøyingsmønstret for hankjønnsorda blir vist nedafor. Ein del ord i denne gruppa endar på *-e* i oppslagsforma ➤O (*dråpe*), mens andre ikkje gjer det (*hest*). Me har difor plassert *e*-en i ein parentes.

1. -(e) -en -a -ane

Det vil seia at *dråpe* og *hest* blir bøygde slik:

<i>dråpe</i>	<i>dråpen</i>	<i>dråpa</i>	<i>dråpane</i>
<i>hest</i>	<i>hest'n</i>	<i>hesta</i>	<i>hestane</i>

På grunn av at endinga *-en* i *hesten* står etter *t*, blir ordet i bestemt form eintal uttalt *hest'n*, jf. Lydmønster. ➤L

Ei gruppe hankjønnsord har *e* i fleirtalsendingane:

2. - -en -e -ena

Slik går m.a. *vegg* 'vegg' og *gris*, altså på denne måten:

<i>vegg</i>	<i>vædjen</i>	<i>vædje</i>	<i>vædjenæ</i>
<i>gris</i>	<i>gris'n</i>	<i>grise</i>	<i>gris'na</i>

Avvikande bøying frå dette i hankjønn finn ein i:

<i>fot</i>	<i>fot'n</i>	<i>føte</i>	<i>føtt'na/føtt'næ</i>
------------	--------------	-------------	------------------------

Ein del ord som endar på den trykklette stavinga *-ar*, følgjer første bøyingsmønstret, men dei får samandraging ➤O i fleirtal:

<i>hammar</i>	<i>hammar'n</i>	<i>hamra</i>	<i>hamrane</i>
<i>spikar</i>	<i>spikar'n</i>	<i>spikra</i>	<i>spikrane</i>

Hokjønn

Dei fleste sterke hokjønnsorda ➤O har dette bøyingsmønstret:

3.	-	<i>e</i>	<i>-e</i>	<i>-ena</i>
----	---	----------	-----------	-------------

Dermed får orda *sak* og *skaol* 'skål' slik bøyning:

<i>sak</i>	<i>sa;k</i>	<i>sa;k</i>	<i>sa;k</i> ena
<i>skaol</i>	<i>skaol</i>	<i>skaole</i>	<i>skaol</i> 'na

På grunn av at endinga *-ena* i *skaolena* står etter *l*, blir ordet i bestemt form eintal uttalt *skaol*'na, jf. Lydmønster. ➤L

Dei svake hokjønnsorda ➤O blir bøygde slik:

4.	<i>-a</i>	<i>-o</i>	<i>-e</i>	<i>-ena</i>
	<i>vågga</i>	<i>våggo</i>	<i>vågge</i>	<i>våggene</i>
	<i>jenta</i>	<i>jento</i>	<i>jente</i>	<i>jent</i> 'na

Svært mange hokjønnsord følgjer eit anna mønster, som har vokalen *a* i fleirtal:

5.	-	<i>-e</i>	<i>-a</i>	<i>-ane</i>
----	---	-----------	-----------	-------------

Slik bøyning har f.eks. :

<i>myr</i>	<i>myre</i>	<i>myra</i>	<i>myrane</i>
<i>ķæring</i>	<i>ķæringd</i> e	<i>ķæringa</i>	<i>ķæringane</i> 'kjerring'

Desse orda har avvikande bøyning frå dei to hovudmønstra i hokjønn:

<i>bok</i>	<i>bo;k</i>	<i>bøke</i>	<i>bøkena</i>
<i>mor</i>	<i>mor</i> e	<i>møre</i>	<i>mørena</i>

Inkjekjønn

Inkjekjønnsorda har desse bøyingsmønstra:

6.	<i>- (e)</i>	<i>-e</i>	<i>-(e)</i>	<i>-e</i>
----	--------------	-----------	-------------	-----------

Orda *hus*, *aor*, *eple* og *stykke* 'hus, år, eple, stykke' får dermed denne bøyninga:

<i>hus</i>	<i>huse</i>	<i>hus</i>	<i>husε</i>
<i>aor</i>	<i>aore</i>	<i>aor</i>	<i>aoreε</i>
<i>eple</i>	<i>eple</i>	<i>eple</i>	<i>epleε</i>
<i>stykke</i>	<i>stykke</i>	<i>stykke</i>	<i>stykkeε</i>

Dette er det dominerande bøyingsmønstret for inkjekjønnsorda. Ein del ord i denne gruppa endar på *-e* i **oppslagsforma ➤O** (*eple, stykke*), mens andre ikkje gjer det (*hus, aor*). Me har difor plassert *e-en* i ein parentes.

Somme ord får ei spesiell bøying:

<i>auga</i>	<i>auga</i>	<i>auge</i>	<i>augena</i>	
<i>jarta</i>	<i>jarta</i>	<i>jarte</i>	<i>jart'na</i>	'hjarte'

Palatalisering

Palatalisering kallar me det at ord som *bok* heiter *boķε*, *dag* heiter *dajen*, *sæng* heiter *sæŋdε* og *vegg* heiter *vɛdđen* i bestemt form eintal. Ein *k* eller ein *g* framom endingane som blir nemnde nedafor, blir altså skifta ut med ein annan konsonant slik at *k* alltid blir skifta ut med *ķ* (jf. *bok*), mens *g* blir bytt ut med *đ* etter kort vokal (jf. *vegg*) og etter *n* (jf. *sæng*) og med *j* etter lang vokal (jf. *dag*). I substantiva skjer denne palataliseringa framom endinga i desse tilfella:

- i eintal av hankjønnsord,
- i fleirtal av hankjønnsord som får endingane *-e* og *-ena* i fleirtal (dvs. klasse 2 ovafor),
- i eintal av hokjønnsord som ikkje endar på *-a* i **oppslagsforma ➤O**, og
- i heile inkjekjønn.

b. Verb

Svake verb

Dei **svake verba ➤O** kan me setja opp i seks klassar med desse bøyingsendingane:

1. *kasta*-klassen:

<i>-a</i>	<i>-a</i>	<i>-a</i>	<i>-a</i>
-----------	-----------	-----------	-----------

Slik bøyer ein kanskje dei fleste verba, f.eks.

<i>kasta</i>	<i>kasta</i>	<i>kasta</i>	<i>kasta</i>
<i>takka</i>	<i>takka</i>	<i>takka</i>	<i>takka</i>

2. *døma*-klassen:

-a -e -de/-te -t

Etter dette mønstret bøyer ein altså slik:

<i>liva</i>	<i>live</i>	<i>livde</i>	<i>livt</i>	'leva'
<i>tapa</i>	<i>tape</i>	<i>tapte</i>	<i>tapt</i>	

Verba i denne klassen som har konsonantane *g*, *m*, *n* eller *v* føre endinga, som altså i *liva* osv., får endinga *-de* i **preteritum** ➤O. Dersom verbet har ein av konsonantane *k*, *p*, *s* eller *t* føre endinga, blir preteritum laga med å leggja til *-te*: å *tapa* – *tapte*. Verb med konsonantane *l* eller *r* framom endinga, får anten *-de* eller *-te* i preteritum: å *spara* – *sparde*, å *bora* – *borte*, å *spæla* – *spælte*, å *fylja* – *fylde*.

3. *greia*-klassen:

-a -e -dde -tt

Altså:

<i>båia</i>	<i>båie</i>	<i>båidde/båigde</i>	<i>båitt/båigt</i>	'bøya'
<i>tåia</i>	<i>tåie</i>	<i>tåidde/tåigde</i>	<i>tåitt/tåigt</i>	'tøya'

Typisk for verba i denne klassen er at dei har *d* eller diftong ➤O framom infinitivs-a-en.

4. *meina*-klassen:

-a -a -de/-te -t

Desse verba liknar på *kasta*-klassen i notid og *døma*-klassen i fortid:

<i>maola</i>	<i>maola</i>	<i>maolte</i>	<i>maolt</i>
<i>saga</i>	<i>saga</i>	<i>sagde</i>	<i>sagt</i>

Her som i *døma*-klassen finst to endingar i preteritum ➤O alt etter kva konsonant som står framom endinga: *maolte* med -te og *sagde* med -de. Verba som følgjer denne klassen, er helst slike som har éin konsonant etter vokalen: *saga*, *baka*, *laga* osv.

5. *telja*-klassen:

- a	- e	*-de/*-te	*-t
-----	-----	-----------	-----

Her set me stjerne framom endingane i fortid, for det som først og fremst skil klassen frå *døma*-klassen, er at stammevokalen ➤O i verbet kan skifta:

<i>telja</i>	<i>tēle</i>	<i>talde</i>	<i>talt</i>
<i>symja</i>	<i>syme</i>	<i>sumde</i>	<i>sumt</i>

Notidsforma her skil seg òg frå notidsformene i *døma*-klassen ved at dei har ein annan tonegang ➤O; *tēle* er uttalt med det me kallar tonem ➤O 1, mens *liva* i notid har tonem 2: 'tēle, 'live. Her som i *døma*-klassen bruker ein -te i preteritum ➤O etter visse konsonantar.

6. *nå*-klassen:

-	-r	-dde	-tt
---	----	------	-----

Verba som går etter denne klassen, har inga ending i infinitiv ➤O, og altså -r i notid:

<i>tru</i>	<i>trur</i>	<i>trudde</i>	<i>trutt</i>
<i>sy</i>	<i>syr</i>	<i>sydde</i>	<i>sytt</i>

Sterke verb

Dei sterke verba skil seg ut frå dei svake ➤O ved først og fremst å vera særprega av vokalskifte i stammen ➤O mellom bøyingsformene, som me ser f.eks. i *brota* – *bryte* – *braut* – *bråte*. Her er vokalskiftet altså o – y – au – å. Dessutan er det inga ending i preteritum ➤O (*braut*), perfektum partisipp ➤O har endinga -e (*bråte*), og i notid bruker ein tonem ➤O 1 ('bryte) slik som i det svake verbet 'tēle, jf. ovafor. Dei sterke verba blir også delte inn i klassar, og då etter vokalskifta. Den vanlege inndelinga stiller me opp nedafor, men det er ein del mindre avvik innafor kvar klasse.

1. klasse (i – i – ai – i):

bita	bite	bait	bite
------	------	------	------

driva	drive	draiv	drive
-------	-------	-------	-------

2. klasse (*o – y – au – å*):

brota	bryte	braut	bråte	'bryta'
sjota	sjyte	skaut	skåte	'skyta'

3. klasse (*i/ɛ – i/ɛ – a – ù/å*):

finna	finne	fann	funne
drikka	drikke	drakk	driukke
brænna	brænne	brann	bråinne
dætta	dætte	datt	dåtte

4. klasse (*æ – æ – a – å*):

bæra	bære	bar	båre
sjæra	sjære	skar	skåre

5. klasse (*æ – æ – e/a – æ*):

læsa	læse	les	læse
dræpa	dræpe	drap	dræpe

6. klasse (*a – ɛ/æ – o – å/a*):

fara	fere	for	fåre/fare
mala	mæle	mol	male

Litt meir spesiell bøyning har desse sterke verba ►O:

slo	slaor	slo	slaie	'slå'
stao	staor	sto	stæe/staie	'stå'
fao	faor	fekk	faott	'få'
je	jer	gav	jeve/jett	'gje'
be	ber	ba	bee/bett	'be'

c. Adjektiv

Adjektiva har me hovudsakleg to typer av: 1) dei som endar på *-en* i oppslagsforma ►O (for eksempel *gulen*), og 2) dei som ikkje gjer det (for eksempel *stor*). Adjektiva får bøyning i samsvar med substantivet dei står til, og dermed får dei slike bøyningar:

- | | | | |
|----|-----------------------|----------------------|-----------------------|
| 1) | <i>ain gal'n mann</i> | <i>ai galę jęnta</i> | <i>aitt gale badn</i> |
| | <i>galne mënne</i> | <i>galna jęnte</i> | <i>galne bådn</i> |
| 2) | <i>ain store mann</i> | <i>ai stor jęnta</i> | <i>aitt stort hus</i> |
| | <i>store mënne</i> | <i>stora jęnte</i> | <i>store hus</i> |

Dermed er bøyingsmønstra slik:

- | | | | |
|----|------------|------------|------------|
| 1) | <i>-en</i> | <i>-ę</i> | <i>-e</i> |
| | <i>-ne</i> | <i>-na</i> | <i>-ne</i> |
| 2) | <i>- e</i> | <i>-</i> | <i>-t</i> |
| | <i>-e</i> | <i>-a</i> | <i>-e</i> |

Dersom substantivet står i bestemt form, blir adjektivet bøygd slik:

- | | | | |
|----|--------------------------|--------------------------|------------------------|
| 1) | <i>dann galne mann'n</i> | <i>dann galna jęnto</i> | <i>da galna badne</i> |
| | <i>dai galne mënn'na</i> | <i>dai galna jent'na</i> | <i>dai galne bådnę</i> |
| 2) | <i>dann store mann'n</i> | <i>dann stora jęnto</i> | <i>da stora huse</i> |
| | <i>dai store mënn'na</i> | <i>dai store jent'na</i> | <i>dai store husę</i> |

Dermed er bøyingsmønstra slik:

- | | | | |
|----|------------|------------|------------|
| 1) | <i>-ne</i> | <i>-na</i> | <i>-na</i> |
| | <i>-ne</i> | <i>-na</i> | <i>-ne</i> |
| 2) | <i>-e</i> | <i>-a</i> | <i>-a</i> |
| | <i>-e</i> | <i>-e</i> | <i>-e</i> |

d. Pronomen

Dei personlege pronomena er desse:

	Eintal					Fleirtal		
	1. pers.	2. pers.	3. pers.			1. pers.	2. pers.	3. pers.
			hankjønn	hokjønn	inkjekjønn			
subjektsform	<i>eg</i>	<i>du</i>	<i>hann</i>	<i>ho</i>	<i>da</i>	<i>me</i>	<i>de</i>	<i>dai</i>
avhengig form	<i>mæg</i>	<i>dæg</i>	<i>hann</i>	<i>hena</i>	<i>da</i>	<i>åss</i>	<i>deko</i>	<i>dai</i>

Dei peikande pronomena i Kvam har denne bøyinga:

Eintal			Fleirtal		
Hankjønn	Hokjønn	Inkjekjønn	Hankjønn	Hokjønn	Inkjekjønn
<i>dann</i>	<i>dann</i>	<i>da</i>	<i>dai</i>	<i>dai</i>	<i>dai</i>
		<i>dætta</i>	<i>dænne</i>	<i>dænna</i>	<i>dænne</i>
<i>hinn</i>	<i>hi</i>	<i>hitt</i>	<i>hine</i>	<i>hine</i>	<i>hine</i>

5. Ord og uttrykk

Her finn du ei samling gamle ord ➤O og uttrykk ➤O fra Kvam. Samlinga byggjer på:

Gamle ord og vendingar fra Kvam. 1993. Øystese: Kvam kulturminnelag.

Ho æ kje maolhalt. Gamle ord og vendingar fra Kvam. 1995. Øystese: Kvam kulturminnelag.

Oma, Bjørn. 2000. *Plogen og Færingen. Omastrand, ei heimbygd.* Oma.

Opedal, Halldor O. og Oddmund Hus. 2005. *Hardingmålet. Ord og vendingar og stil.*

Kinsarvik: Hardanger Folkeminnelag.

5.1. Ordsamling

alur (substantiv) 'brøl og bråk'

aoklaor (adjektiv) 'overtrøytt'

bjangla (verb) 'gjera eit arbeid med därleg reiskap, gjerne mellombels'

bjosla (substantiv) 'ei som ikkje er mykje tess'

boka (verb) 'føra inn i ei bok'

bylma (verb) 'sjå med sinte augo på folk'

druspa (verb) 'gå arm i arm'

faot (substantiv) 'fanteskap, lureri'

fjorla (verb) 'tulla med noko'

fnå (substantiv) 'lite støvgrann'

græla (verb) 'eta frukt før ho er mogen'
gåv (substantiv) 'støvsky'
haoȝen (adjektiv) 'bleik, ser sjuk ut'
hukra (verb) 'lokka eitkvart frå nokon'
huldren (adjektiv) 'sky, held seg for seg sjølv'
hylekrok (substantiv) 'vanskapt båt, smal og ustø'
hysje (substantiv) 'utedo'
håling (substantiv) 'flink mann'
jarre (substantiv) 'jåle, tufs'
kabusa (substantiv) 'hette'
lyv (substantiv) 'medisin'
makadidigt (adjektiv) 'merkeleg'
marja (substantiv) 'ei som aldri teier'
morka (verb) 'arbeida flittig'
odna (verb) 'varma, lunka'
pydla (verb) 'sutra'
raunsve (substantiv) 'snø som dryssar av greiner'
rutodel (substantiv) 'ein som ofte er sur, vanskeleg å gjera til lags'
skorre (substantiv) 'dårleg likt person'
skuldapose (substantiv) 'ein som har gjeld overalt'
smudla (verb) 'smila, kosa seg'
snøs (adjektiv) 'kry'
syssø (adverb) 'såleis'
tælig (adjektiv) 'kvik, tidig, lettiva'
ufjangse (adjektiv) 'rotete og stygt'
åldren (adjektiv) 'bråkande'

5.2. Uttrykk

ao so ao æ 'gjort som gjort er'
kross i kraka 'eit einaste rot'
inȝe da fære 'ikkje det minste'
mirrande saint 'så vidt det går på fram'
neve fy nos 'ser ikkje framfor seg'
ofs'n elle vans'n 'høgt oppe eller langt nede'
ta skorpa pao 'ta seg saman'
vatn i trog 'om ein person som ikkje har noko eiga meining, ein som tek form etter karet'
Da gaor på yvelere. 'Det går på underskott.'
Hann æ ȝe sedd å røynd me da sama. 'Ein veit ikkje kvar ein har han.'
Da æ so lite te muns. 'Det gjer så liten nytte.'
Hann æ iȝe so lang unde augena. 'Han har ein hissig natur / er snarsint.'

Hann slo seg te skaings. 'Han slo seg såpass at han skada seg.'
Me æ i være adle. 'Me er i same båt.'

6. Forskjellar

6.1. Geografiske forskjellar

Det finns ein del mindre skilnader i dialekten mellom dei ulike bygdene i kommunen, for eksempel:

- Ein bruker *ao*-lyden i det meste av kommunen (for eksempel *skaol*), men langs den ytste delen av fjorden seier ein *skål*.
- Talemålet i Strandebarm skil seg ut ved at det har fleire trekk felles med sunnhordlandsmalet. Til dømes skil ein ikkje i bøyninga mellom sterke (dvs. klasse 3 ovafor) og svake hankjønnsord (dvs. klasse 4 ovafor) i bestemt form eintal. I Strandebarm heiter det såleis *saŋo* og *jɛnto*, medan ein andre stader seier *saŋe* og *jento*.
- Talemålet i industristaden Ålvik skil seg òg ut frå resten av Kvam. I hankjønnsorda bøyer ein slik i bestemt form eintal: *saŋa*, *jɛnto*. Det er vanleg å bruka *å* i ord som *skål*. Mange seier òg for eksempel *hann finn* og *ain stor mann*, medan det elles heiter *hann finne* og *ain store mann*.

6.2. Yngre og eldre dialekt

Talemålet kan òg variera litt mellom generasjonane. På ein del punkt vil yngre mål skilja seg ut frå det me har sett i skissa ovafor.

Lydane ➤L

- Diftongen *ao* er ikkje like vanleg mellom dei yngre som mellom dei eldre.

Substantivbøyning ➤L

- I bøyninga av hankjønnsorda kan dei yngste ha samanfall mellom det som blir kalla bøyingsklasse 1 (for eksempel *hest*) og bøyingsklasse 2 (for eksempel *gris*) ovafor. Dei kan bøya orda *hest* og *gris* på same måten:

<i>hest</i>	<i>hest'n</i>	<i>hesta</i>	<i>hestane</i>
<i>gris</i>	<i>gris'n</i>	<i>grisa</i>	<i>grisane</i>

- I bøyingsa av hokjønnsorda kan dei yngste ha samanfall mellom det som blir kalla bøyingsklasse 3 (for eksempel *sak*) og bøyingsklasse 5 (for eksempel *myr*). Dei kan bøya orda *sak* og *myr* på same måten:

<i>sak</i>	<i>sakε</i>	<i>saker</i>	<i>sakene</i>
<i>myr</i>	<i>myrε</i>	<i>myrer</i>	<i>myr'ne</i>

- Dei hokjønnsorda som har *e* i fleirtalsendingane, kan hjå dei yngre få endinga *-ene* i bestemt form fleirtal. I eldre mål er endinga *-ena*. Dei yngre kan for eksempel seja *våggene*, der dei eldre seier *våggena*. Det same gjeld for inkjekjønnsord av typen *auga* og *jarta*. Her seier dei eldre *augena* i bestemt for fleirtal, mens dei yngre kan seja *augene*.
- Dei yngre har mindre palatalisering enn dei eldre. Dei kan for eksempel seja *skogen* og *sakε*, der dei eldre seier *skojen* og *sakε*.

7. Dialektprøver

Slik kan to dialekttekstar sjå ut skrivne med lydskrift:

Tekst 1: ➤L [lyd]

- *Da, da va ain, ain middels stor gar. Å eg ε dao ędlęvte ginerasjon so sęte pao hann no. Dao hann vatt delt i frao andre gara pao, pao slùtt'n tao sekstanhùndratalle. Va dao aitt av ti bruk pao åistesegar'n. Åistesegar'n e jo då likksåm da såmm ha vå rękna såmm sentrùm i Åistese, ja, i frao fyst av. Å me hadde jo ķyrķo lidđane rętt inne her me gamlehaimen, dann fysta ķyrķ o, før ho vatt flytt ne te sjøen. Åistesegar'n ε ganske stor gar me svære fjellvidde ittemåt'n i fárhåll te di andre garane i bygdε, så har me ganske stor, me aige jo te bytes me Våss å te bytes me Samnanger å, i fjedle.*
- Ja, nettopp. Ja.
- *Ja, å ha manje støla bortijøno. Me har ain fém-sęks støla så ligge itte ainan'n bortøve fjedde. So dar e no ain go del å halda vę like åg, på dësse huse.*
- Ja, det er klart. Det er klart.
- *No har me fárręst'n nętt sęlt i tomt bortpå Vęndi te Bęgen turlag, så dai ska sętja ḿapp ai hytta pao aiendommen vaor dar borte. Sęllbekeńingshytta. Nåkkså store. Ja, dai e fárr så vitt i full gang me å bydđa.*

Tekst 2: ➤L [lyd]

- *Har ain gar haima eg håpa å øveta. Da får me nå sjå. Da é ná iķķe, iķķe fárr å driva. Da é ná mest fór å øveta fór å vidarefóra dann på ain måte. Da é ná litt ommstilling, så da vëtt ná iķķe dann gar'n da é, ha vå, å da é da ná iķķe i dag hëller allså. Da é ëke náko, da é vëll mair bérre ain plass å bu. Da é jo iķ īke náko dyr ëlle náko sånt. Da é da iķķe.*
- Driv foreldra dine litt, eller?
- *Nai.*
- Ikkje i det heile tatt? Nei.
- *Nai. Dai ga sèg me saue fárr näken, ti-fémtn år siå. Så eg å bëstefar minn draiv me saue noen år dër oppe på håbbybasis. Så nárr eg blai, ùngdåmsskul'n, då blai da møķe, møķe plikte, så me hadde iķķe ti te, så då ga eg mëg me da, så ëtte da så ha da iķķe vå så møķe. Da é ná bérre dai plikt'na du har me jereplikt å sånn så du må passa på, å litt sånn anna annsvar fór alt dann jorë du aige å ha annsvar fó. Sammarbaida me dai bønd'ne så drive. Dai pakta jo jorë, så me saie då.*

8. Kjelder med opplysninger om dialekten i Kvam

Denne oversikta byggjer på materiale i Målføresamlinga, Nordisk institutt, Sydnesplassen 7, 5007 Bergen. Dessutan er det henta opplysningar frå skriftene nemnde nedafor. I desse kjeldene finn ein også fleire opplysningar enn det som er drege fram her. Ei liste over allmenn dialektlitteratur finn du her ➤ T[eigen art.] og om hardangermålet her ➤ T [eigen art.].

Gamle ord og vendingar frå Kvam. 1993. Øystese: Kvam kulturminnelag.

Helleland, Botolv. 1978. Litt om kvammamålet. I: *Kvam mållag 50 år, 1928–1978*, s. 50–55.
Øystese.

Ho æ kje maolhalt. Gamle ord og vendingar frå Kvam. 1995. Øystese: Kvam kulturminnelag.

Jakobsen, Georg. 1954. *Vokalismen i kvammamålet*. Uprenta hovudoppgåve. Oslo.

Lofthus, Fridtjov. 1965. Kvammamaole. I: *Bygdejol. Årbok for Kvam sogelag* 1965, s. 51–53.
Øystese: Laget.

Norheim, Sigurd L. 1953. *Frå syntaksen i Kvammamålet*. Uprenta hovudoppgåve. Bergen.

Næss, Anders og Olav Kollteit. 1981. *Strandebarm og Varaldsøy i gamal og ny tid*. Band 1.

- Norheimsund: Strandebarm og Varaldsøy bygdeboknemnd.
- Oma, Bjørn. 2000. *Plogen og Færingen. Omastrand, ei heimbygd*. Oma.
- Opedal, Halldor O. og Oddmund Hus. 2005. *Hardingmålet. Ord og vendingar og stil*. Kinsarvik: Hardanger Folkeminnelag.
- Steine, Kjetil. 1930. *Stadnavn på Steine og Lid i Kvam*. Norheimsund.
- Vidsteen, Chr. 1885. *Oplysninger om Bygdemaalene i Hardanger*. Bergen: I Kommission hos Ed. B. Giertsen.